

Stord kyrkjelyd

Årsrapport

2024



« Livet i fokus, nær Gud - nær menneske »

- visjon Stord kyrkjelyd

2024 har vore eit år med kjekke gudstenester og god aktivitet i soknet. I årsrapporten kan ein lesa meir om arbeidet i kyrkjelyden, forfatta av ulike aktørar. Her er ein oversikt over dei ulike årsmeldingane som inngår i årsrapporten:

Innhald

Kyrkjeleg statistikk - 2024	2
Årsmelding 2024 – Soknerådet	2
Årstankar frå soknepresten i Stord for året 2024	3
Årsmelding 2024 - Trusopplæring og kyrkjeleg undervisning	4
Årsmelding 2024 - Diakoni	6
Årsrekneskap 2024	8
Annan informasjon for årsberetninga	11

Kyrkjeleg statistikk - 2024

STORD	2019	2020*	2021*	2022*	2023	2024
Døyppte	114	104	119	101	97	91
Konfirmerte	124	127	118	102	114	137
Vigsler	17	14	11	33	24	20
Gravferd	95	73	88	104	121	95
Gudstenester	77	93	119	91	85	83
Deltakarar	19 538	6 915	7 457	10 193	11 828	13 486
Takkoffer	512 226	201 285	197 925	274 284	272 246	349 860
Utmelding	45	33	51	49	43	36
Innmelding	4	6	4	7	14	8

**) 2020-2022 har vore prega av korona-restriksjonar og er såleis ikkje heilt samanliknbar med andre år. Me hadde m.a. ekstra gudstenester i periodar for å få til det vi ønskte, t.d. konfirmasjonar, 4-årsgudstenester, dåpsgudstenester etc.*

Årsmelding 2024 – Soknerådet

I løpet av kyrkjeåret 2024 har det skjedd mykje kjekt i Stord sokn. Sjølv om kyrkja si frukt ikkje mest målast i volum er det fint å sjå at aktiviteten tek seg opp år for år – både med auka deltaking i gudstenestene og gjennom auka inntekter frå takkoffer i kyrkja. Året starta mørkt

med varsel om mogleg stenging av kyrkja pga dårleg økonomi i fellesrådet, men heldigvis kunne vi halde fram med aktiviteten som vanleg.

Året har vore prega av misjonsprosjektet vårt med Normisjon og den lutherske kyrkja på Cuba. Ein delegasjon på 5 lokale (tilsette og frivillige) deltok på to vekers studiereise på Cuba i januar og delte sine opplevingar med kyrkjelyden på informasjonskvelden i april. Etter det var soknet utfordra til å ta ansvar for å bidra til ei ny hjelpesending til Cuba – og ila hausten/vinteren har vi samla inn store mengder klede, sko, sykklar, leikar og møbler som skal sendast ila våren. Det har vore stor givarvilje og -glede i lokalsamfunnet og kyrkjelyden!

Soknerådet handsama 73 saker ila sine 10 møter. Rådet deltok og på fellessamling med Nysæter sokneråd og tilsette i april (introduksjon av verktøyet Kyrkja Vår) og i september (fokus på frivillige medarbeidarar). Mange fekk og med seg det store 1000-årsjubileet på Moster med god profilering av lokal og nasjonal kyrkje- og rettshistorie. Andre høgdepunkt gjennom året har vore korgudsteneste, pub-gudsteneste (Folk i sentrum) og møtehelg med Thomas Sjødin (i samarbeid med Leirvik bedehus). I oktober takka vi av prost Svein Arne Theodorsen med ei høgverdig gudsteneste i ei fullsett Stord Kyrkje – og me ønskjer Arild Steinsland hjartleg velkommen som ny prost i Sunnhordland frå 2025.

Det har og vore kjekke samlingar med Søndagskaffi og Pizza og Quiz i kyrkjestova. Vi set stor pris på aktiviteten som skjer der og å ha eit tenleg hus til ulike type samlingar. Det er likevel klart at huset er for lite til fleire av samlingane og det vart i 2024 arbeida vidare med moglegheiter for å finne tomt til nytt kyrkjelydshus. Fokus har vore i Frugarden, men det har så langt ikkje lykkast å få tilgang på naudsynt areal. Arbeidet fortset inn i 2025, medan givartenesta til Kyrkjestova har gjort at foreininga nærmar seg eigenkapital på 2 millionar.

Soknerådet retter ein stor takk til tilsette og frivillige medarbeidarar som er med å leggje til rette for gode møter mellom menneske, Gud og kyrkja! Siste del av 2024 har det vore ein utfordrande situasjon ift mangel på tilsette innan både trusopplæring og adminstrasjon, men me håpar og ber om at situasjonen betrar seg framover.

Me gler oss til å ta fatt på 2025 og vil fortsetje å arbeide for gode gudstenester og tilhøyrande fellesskap i året som kjem. Anders Dahl - soknerådsleiar

Stord sokneråd (pr 31.12.2023)			
Sokneprest	Jørgen Knudsen	1.vara	Dag Kjetil Lægreid
Leiar	Anders Dahl	2.vara	Runar Isdahl
Nestleiar	Sigrid Beate Tveit Eskeland	3.vara	Åslaug Leiknes Nag
Rådsmedlem	Leif Steinar Alfsvåg	4.vara	Njål Rune Sortland
Rådsmedlem	Magne Andresen	5.vara	Gjertrud Husøy
Rådsmedlem	Kirsti Angvik Frugård		
Rådsmedlem	Knut Johannes Gram		
Rådsmedlem	Randi Agnete Nysæter		
Rådsmedlem	Dag Sele		

Årstankar frå soknepresten i Stord for året 2024

Mykje spennande har skjedd siste året. Slik pleier årsrapportane mine ofte begynne og eg meiner det er sant. Året som gjekk har bydd på mykje fint. Flotte møter med einskildmenneske i glede og i sorg, godt gudstenestefellesskap, hardt arbeid for å få unna det ein er pålagt med dei økonomiske og personellmessige rammene ein har.

Prestestaben har etter kvart satt seg med Runar Larsen, Fridleif Lydersen og underteikna som eit godt fungerande team som deler på arbeidet og kvardagens gleder og utfordringar. Ved årsskiftet fekk vi og ny prost inn som assosiert medlem av vår stab. Vi ser fram til ny leiing og godt samarbeid.

Det har vore krevjande mtp undervisning av konfirantar denne hausten, då vi ikkje greidde å fylle alle hola i trusopplæringstaben, men saman fann vi eit opplegg og ei organisering slik at alle konfirmantane får ei akseptabel og god undervisning gjennom konfirmantåret.

Statistikktala gjev eit delvis overblikk over arbeidet i Stord kyrkjelyd men seier langt frå heile sanninga. Oppdraget vårt kan ikkje målast i tall eller volum, men det er hyggeleg lesing å sjå at det er fin vekst på fleire målepunkt, t.d. tal nattverdgjester som har stige merkbart. Det seier oss noko om at vi rekk ut.

Smil i andlet, ljøs i auge og den gode lyden av fin prat under kyrkjekaffien er for meg eit betre mål på korleis vi lukkast i våre prioriteringar og strategiske val.

Nytt sokneråd har fungert i eit drygt år, og eg opplever at vi på ein fin måte jobbar oss saman og finn retning på prioriteringane vi skal gjere. Planarbeidet er systematisk, og vi utvikler stadig omsorgen for dei friviljuge.

Eg kjenner på glede over mange gode og ivrige medarbeidarar som brettar opp ermene og tek eit tak når det trengs. Vi er ivrige, så det vil alltid kjennast som om vi har for få friviljuge. Då er det viktig å minne kvarandre om å vere takksame for dei kreftene og moglegheitene vi har fått av han som er oppdraget og tenesta sin herre.

Nytt av året var fellesmøter saman med representantar frå Leirvik bedehus. Thomas Sjødin kom og hadde ei intensiv og sterk helg saman med oss. Det var godt å kjenne på fellesskapet og fint å sjå engasjementet og gleda over å stå saman.

Så ynskjer eg at ein av Thomas Sjødin sine setningar skal stå att til velsigning og tru for året som kjem: «Det er i hvilen det skjer»

Måtte han som byrja ei god gjerning i oss, fullføre den heilt til Jesu Kristi dag!

Jørgen Knudsen
Sokneprest i Stord

Årsmelding 2024 - Trusopplæring og kyrkjeleg undervisning

Då steig Jesus fram og tala til dei:

«Eg har fått all makt i himmelen og på jorda. Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar: Døyp dei i namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står» (Matt 28:18-20).

Gjennom kontinuerlege samlingar, enkeltsamlingar og i gudstenester har me gjennom leik, song/musikk, lystenning, bøn og undervisning lært om trua vår og om Jesus, og at han alltid er med oss gjennom livets utfordringar og gleder.

Tilsette i kyrkjeleg undervisning og læring:

Ved starten av 2024 var det tre tilsette i undervisningsavdelinga; Einingsleiar Ingvild Baugstø Almås 100% stilling, Solveig Høyland 100% stilling (70% i undervisningsavdelinga, 30% i diakoniavdelinga) og Solbjørg Hope Angeltveit 100% stilling (70% i undervisningsavdelinga, 30% i diakoniavdelinga). Ingvild slutta i si stilling ved slutten av vårsemesteret, medan Solveig slutta ved starten av haustsemesteret. Solbjørg vart på haustsemesteret ny einingsleiar for

avdelinga og stillinga hennar vart omgjort til å vera 100% i undervisningsavdelinga. Elisabeth Søndena Oma vart på sommaren tilsett i eit vikariat der ho først jobba 20% i undervisningsavdelinga, før dette i november vart auka opp til 40% i avdelinga. I tillegg har Sigrid Theodorsen Langøy bidratt på timebasis i undervisningsavdelinga på hausten, og hatt ansvar for Pøsefest i Nysæter sokn og vore med på éi av konfirmantgruppene i Stord sokn.

Undervisningsutval

Undervisningsutvalet har i år òg hatt felles møteverksemd for både Stord og Nysæter sokn. Utvalsmedlem frå Stord var frå starten av året; Randi Nysæter og Åslaug Leiknes Nag. På haustsemesteret vart det gjort eit byte der Randi Nysæter gjekk ut, medan Sigrid Beate Tveit Eskeland vart nytt medlem. Utvalet har hatt 5 møter i 2024.

Kontinuerlege tiltak gjennom heile året:

Babysong

Velfungerande tiltak der det stadig kjem nye innom i laupet av heile semesteret. Totalt 56 babyar med mor/far var innom i laupet av året. Våren var det babysong annakvar veke, medan det på hausten var babysong éin gong i månaden i Stord kyrkje. Vårsemesteret vart avslutta med babysongstund på Knutsaåsen omsorgssenter, medan haustsemesteret vart avslutta med babysong på Stord sjukeheim.

Pøsefest

Eit populært tiltak der det kjem mange gode tilbakemeldingar både frå borna og dei føresette som deltek. Borna gjev uttrykk for at dei gler seg for kvar gong dei skal få koma i “si kyrkje” for å delta på pøsefest! Etter at pøsefesten i januar vart avlyst grunna stengd/kald kyrkje, vart gleda desto større då borna igjen kunne få koma på pøsefest i februar. Elles har det vore pøsefest éin onsdag i månaden både på vårsemesteret og haustsemesteret. Det kjem alltid mellom 28 – 58 born for kvar samling.

Konfirmantar

133 konfirmantar vart konfirmerte i soknet i laupet av den første og den siste helga i mai, og hausten starta med 120 nye konfirmantar. Dei har hatt samlingar éin gong i månaden både på våren og på hausten. Ekstra kjekt at ein fekk til ei lita konfirmantband-gruppe på vårsemesterkullet. Elles hadde ein fasteaksjonssamlingar for heile konfirmantkullet (inndelt skulevis) ei helg i mars. Det nye konfirmantkullet hadde presentasjonsgudsteneste i august og lysmesser i desember.

T12-15 Her & Der

Fellestiltak for Stord og Nysæter sokn. Det vart kun arrangert Her & Der éin gong i laupet av vårsemesteret. Sidan har tiltaket vore inaktivt.

Enkeltsamlingar i laupet av året:

T12 Kode B (Vår)

Grunna få påmelde i Nysæter sokn vart dette omgjort til eit samarbeidstiltak mellom dei to sokna. 15 born samlast i Kyrkjestova Fredheim ein februarkveld. Her fekk dei læra meir om Bibelen dei fekk på Lys vaken; kva dette er for ei bok og kva historiar den inneheld.

T9 Tårnagent (Vår)

30 agentar bestod agent-kvalifiseringstesten ein fredagskveld i april og vart tatt opp som Tårnagentar og fekk hjelpa til med å løysa ulike oppdrag i kyrkja. 10 av dei vart òg med som agentar i gudstenesta den påfølgjande søndagen.

T6 Førsteklasses (Haust)

Her var det i utgangspunktet tenkt eit liknande tiltak som i fjor ved skulestart for 6-åringane. Dette vart diverre avlyst, til fordel for presentasjonsgudstenester for konfirmantane.

T10 Misjon (Haust)

Då ein ikkje hadde kapasitet i stab til å få gjennomført dette tiltaket, gjorde utvalet eit forsøk på å få tak i folk som kunne arrangera dette. Det lot seg diverre ikkje gjera.

T4 Fireårsbok (Haust)

Her vart det tradisjonen tru arrangert undretur i tårn og kyrkjerom for 4-åringane på laurdagen, før dei deltok på gudsteneste og fekk utdelt «Bibelen for dei små» på søndagen. Det vart utdelt 45 barnebiblar.

T11 Lys vaken (Haust): Dette tiltaket vart utsett til januar 2025.

Samarbeid med barnehagar og skular (Haust)

I førjulstida har me hatt barnehagevandringar med alle barnehagane i kommunen og skulegudstenester med alle barne- og ungdomsskulane i kommunen. Her var det stort oppmøte og mange positive tilbakemeldingar frå både born, ungdom og tilsette. Kjekt at alle barnehagane og skulane takka ja til å vera med på dette.

Oppsummering for 2024

Hausten har vore prega av mykje vakanse i undervisningsavdelinga. Dei avlysingane og reduksjonane som har vore gjort ifht. ulike tiltak er på bakgrunn av dette. Det har vore utfordrande å rekruttera til dei ledige stillingane, og me håpar og ber om at denne situasjonen vil betra seg i 2025.

Til slutt ein stor takk til alle dei frivillige medarbeidarane som har vore med å bidrege på ulikt vis til at me har kunna laga til mange fine samlingar med born og unge i soknet vårt dette året.

Det har vore til stor hjelp og vert sett utruleg stor pris på!

Solbjørg Hope Angeltveit

Einingsleiar - Kyrkjeleg undervisning og læring

Årsmelding 2024 - Diakoni

Diakonitenesta har ein viktig plass i kyrkja vår. Kyrkja vår er Guds kyrkje der vi kvar enkelt, har ein viktig plass. Først av alt til å vere den vi er som menneske, men og for å tena kvarandre slik Gud ønskjer at vi gjer. Vi er Guds born; døypte og i tru på Jesus Kristus som vår Herre og Meister. Så lenge Guds kyrkje lever vil diakonien vera levande.

1. Johannes kap.4, v. 7-11:

«Mine Kjære, lat oss elska kvarandre, for kjærleiken er frå Gud, og kvar den som elsker, er fødd av Gud og kjenner Gud. Den som ikkje elsker, har aldri kjent Gud, for Gud er kjærleik. I dette vart Guds kjærleik openberra mellom oss, at han sende sin einborne Son til verda så vi skulle ha liv ved han. Ja, dette er kjærleiken, ikkje at vi har elska Gud, men at han har elska oss og sendt sin eigen Son til soning for syndene våre. Mine kjære, har Gud elska oss så, då skyldar og vi å elska kvarandre».

Diakoni handlar om å tene kvarandre i kjærleik. Det handlar om å gje ei hjelpande hand til dei som lid og som treng Guds kjærleik. Diakoni er å tena nesten sin i ord og handling

Året 2024 var eit godt år for den diakonale tenesta både i Nysæter og Stord sokn. Det er fleire diakonale oppgåver/hendingar der menneske kan møtast, der einskilde får hjelp, der kyrkja viser kjærleik både i ord og handling.

Diakoniutvalet er eit felles utval for Nysæter og Stord sokn. Utvalet fungerer godt som felles utval med felles tiltak/oppgåver. Diakoniutvalet hadde følgjande medlemmer i 2024: *Frå Stord: Signe Wiersen Vorland og Runar Isdahl.

*Frå Nysæter: Ida Elin Hatlevik Tvedt og Ingebjørg Grønsdal.

Hausten 2024 kom Kjetil Eldøy med i staden for Ingebjørg Grønsdal.

Soknediakon Olaug Gloppen hadde 60 % stilling i 2024. Solbjørg Hope Angeltveit og Solveig Høyland var begge tilsette i 30 % som diakonimedarbeidarar første halvår 2024. Begge to var i tillegg tilsett i 70 % som kyrkjelydspedagogar.

Diakoniutvalet sine tenester i 2024: Delta på møtene i diakoniutvalet, ansvar for open kyrkje i Stord ein gong i månaden, ansvar for og delta på gudsteneste askeonsdag 14.februar i Nysæter kyrkje, vere til stades på døvegudsteneste 14.april i Nysæter kyrkje, diakoniens dag i Stord kyrkje 1.september, minnegudsteneste i Stord kyrkje 3. november, open kyrkje i Nysæter kyrkje i romjul – 29.des. kl.11.00. Soknediakonen har fått hjelp med nokre heimebesøk/blomehelsingar. Diakoniutvalet viser stort engasjement og glede i tenestene. Det er til god støtte for soknediakonen!

Soknediakonen sine prioriterte oppgåver 2024:

- Open kyrkje i Stord. Stort sett 1 gong i månaden. Ikkje juni, juli og august.
- Blomehelsing/ kontakt med etterlatte etter dødsfall.
- Sorggruppe. Ei sorggruppe avslutta juni 2024 og ei ny gruppe starta hausten 2024.
- Andaktar på institusjonane. Soknediakonen har hovudansvar for administrering av andaktene på institusjonane og held nokre andaktar sjølv.
- Nattverdsmøter på Stord sjukeheim. I samarbeid med aktivtør på sjukeheimen, er det nattverdsmøter for bebuarar som ønskjer nattverd. Nokre gonger nattverd på rommet til bebuarar.
- Soknebud. (Nattverd i heimen)
- Sjelesorgsamtalar.
- Oppfølging etter krisesituasjonar.
- Deltaking på gudstenester. Diakoniens dag, minnegudsteneste, gudsteneste askeonsdag, avskilsgudsteneste til Svein Arne Theodorsen, andre gudstenester.
- Leia og samarbeida med diakoniutvalet i deira oppgåver/tenester.
- Delta på fagdagar for diakonar i bispedømet.
- Fellessamlingar for stab, råd og utval for Stord og Nysæter sokn.
- Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon.
- Kontorarbeid. Etter behov og nokre dagar heimekontor.
- Anna. Diakonens oppgåver er ikkje alltid planlagt i lang tid på førehand.

I 2024 hadde Solbjørg Hope Angeltveit ansvar for «mat og prat» i Nysæter kyrkje. Solveig Høyland hadde våren 2024 ungdomsklubb fredagskveldar på kyrkjestova Fredheim. Solveig slutta i stillinga si i september 2024. Frå 12.aug gjekk Solbjørg over i 100% stilling som kyrkjelydspedagog.

Når ein ser på alt som skjer etter avtalar og er «faste» oppgåver både i Stord og Nysæter sokn, er diakonien levande, Mykje skjer for menneske i alle aldersgrupper. Mykje trusopplæring er samanfallande med diakoni. Det meste vi gjer i ord og handling for menneske som treng «ei hand å halda i», er kvardagsdiakoni der menneske møtest. Saman er me ei levande kyrkje, der omsorgen for nesten synleggjer Guds kjærleik og ønskjer for oss alle: nåde og rettferd. Diakoni er «kyrkja si livspust». Då Jesus vaska disiplane sine føter skjærtorsdag, gav Han oss ein veg å gå i møte med kvarandre.

Guds signing over den diakonale tenesta i Stord og Nysæter sokn!

Med helsing

Soknediakon Olaug Irene A. Gloppen.

Årsrekneskap 2024

Stord sokn si rekneskapsføring vert handtert av Stord kommune som ein del av tenesteytinga kommunen gjer for kyrkja. Soknerådet har motteke endeleg årsrekneskap per 31.12.2024 den 21.februar 2025 og ventar på revisorfråsegn.

Soknet ser noko auke i takkoffer-inntekter frå 2023, men er framleis langt under nivået i 2019 (før koronapandemien). Økonomien i soknet gjekk i 2024 i pluss pga. mindre kostnader enn budsjettert. Ein stor del av overskotet for året gjeld innbetalningar til hjelpesendinga til Cuba som går i 2025 – og vert sett av på bunde fond.

Nokre fleire kommentarar om rekneskapstala for 2024:

- Inntektene frå takkoffer er på kr 349 860,- utanom fasteaksjonen, herav kr 56 850,- gjeld innbetalningar til hjelpesendinga til Cuba. Når ein korrigerer for dette ser vi ei auka på om lag kr 20 000,- frå 2023.
- Soknet si faste givarteneste går til Kyrkjestova Fredheim. Det er totalt kome inn kr 214 700,- gjennom denne ordninga i 2024. I tillegg har det vore fleire takkoffer øyremerka Kyrkjestova, som har gitt kr 28 669,- i gåver. Takk til alle som gir!
- Resultatet for soknet sin økonomi i 2024 er eit overskot (mindreforbruk) på kr 72 790,- som fordelar seg på Cuba-innbetalinger (kr 56 850) og ordinær drift (kr 15 940).
- **Stord sokn har ein eigenkapital på kr 591 127,- per utgangen av året.**

Driftsregnskapet

Tall i 1 kroner	Regulert budsjett		
	Regnskap 2024	2024	Regnskap 2023
INNTEKTER			
Brukerbetaling, salg, avgifter og leieinntekter	-214 700	-250 000	-233 700
Andre tilskudd, gaver, innsamlede midler	-392 078	-305 000	-317 193
Sum driftsinntekter	-606 778	-555 000	-550 893
UTGIFTER			
Kjøp av varer og tjenester	87 724	104 000	53 870
Tilskudd og gaver	475 365	475 000	454 399
Sum driftsutgifter	563 088	579 000	508 269
Brutto driftsresultat	-43 689	24 000	-42 624
Renteinntekter og utbytte	-29 101	-20 000	-22 481
Netto finansinntekter/-utgifter	-29 101	-20 000	-22 481
Netto driftsresultat	-72 790	4 000	-65 105
INTERNE FINANSIERINGSTRANSAKSJONER:			
Bruk av udisponert fra tidl. år (mindreforbruk)	-65 105	-69 105	-1 589
Sum bruk av avsetninger	-65 105	-69 105	-1 589
Avsatt til disposisjonsfond	65 105	65 105	1 589
Avsatt til bundne fond	56 850	0	0
Sum avsetninger	121 955	65 105	1 589
Regnskapsmessig mindreforbruk (overskudd)	-15 940	0	-65 105
Regnskapsmessig merforbruk (underskudd)		0	

Balanseregnskapet

Tall i 1 kroner	Regnskap 2024	Regnskap 2023
EIENDELER		
Anleggsmidler	0	0
Omløpsmidler	667 808	595 498
Kasse, postgiro, bankinnskudd	667 808	589 950
SUM EIENDELER	667 808	595 498
EGENKAPITAL OG GJELD		
Egenkapital	-591 127	-518 336
Disposisjonsfond	-518 336	-453 231
Bundne driftsfond	-56 850	0
Regnskapsmessig mindreforbruk	-15 940	-65 105
Gjeld		
Langsiktig gjeld	0	0
Kortsiktig gjeld	-76 682	-77 162
Annen kortsiktig gjeld	-76 682	-77 162
SUM EGENKAPITAL OG GJELD	-667 808	-595 498

	Budsjett 2024 (Hele året)		Rekneskap pr 31.12.24		Rekneskap pr 31.12.23	
Beskrivelse	Inntekt	Kostnad	Inntekt	Kostnad	Inntekt	Kostnad
Total	575 000	579 000	635 879	563 088	573 374	508 269
Overføring Fellesråd - Diakoni og trusopplæring	10 000	10 000	9 125	9 438	11 449	13 986
Deltakarbetalning			-	-	-	-
Konfirmantar, fest, mat o.l.	-		-	-	-	-
Takkoffer til Trusopplæringa	-		-	-	-	-
Takkoffer til diakoniarbeidet	10 000		9 125	-	11 449	-
Overføring trusopp./diakon/egenbet til FR		10 000	-	9 438	-	13 986
Takkoffer og givarteneste til andre	180 000	180 000	260 258	212 175	187 608	185 379
Takkoffer til eksterne organisasjonar	80 000	80 000	106 219	109 976	90 453	84 662
Takkoffer/innsamling fasteaksjonen	50 000	50 000	42 218	49 895	44 697	44 724
Takkoffer/innsamling misjonsprosjektet	50 000	50 000	111 821	52 304	52 458	55 993
Kyrkjelydshus / Kyrkjestove	275 000	275 000	243 369	244 702	255 325	255 034
Givertjeneste - Kyrkjestova	250 000	250 000	214 700	210 650	233 700	233 700
Takkoffer til kyrkjestova	25 000	25 000	28 669	34 052	21 625	21 334
Kyrkjelydsarbeid	95 000	99 000	94 313	53 774	96 197	51 370
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet	60 000		59 412	-	47 190	-
Barne- og ungdomsarbeid (ikkje Trusopplæringa)	15 000	10 000	5 800	-	26 526	-
Kveldssamling	-	-	-	4 050	-	-
Arrangement med billettinntekter			-	-	-	-
Arrangement utan billettinntekter		10 000	-	-	-	618
Diakonale tiltak (i regi av SR)		3 000	-	-	-	-
Mat, serveringsutgifter, kyrkjekaffi o.l.		8 000	-	8 646	-	8 227
Informasjonsarbeid (annonser, blad, flyers)		5 000	-	-	-	1 376
Innbu, utstyr, bøker		2 000	-	1 920	-	-
PC-utstyr, lyd-utstyr		30 000	-	15 200	-	8 571
Kunst, utsmykking, tekstil, liturgisk utstyr			-	-	-	-
Vedlikehald innbu/utstyr			-	-	-	-
Tilskot/stønad til lag og organisasjonar		10 000	-	5 000	-	-
Velferdstiltak, gåver o.l.		2 000	-	713	-	-
Diverse, andre utgifter			-	12 077	-	-
Kurs, Døgnet o.l.		13 000	-	-	-	26 981
Renteinntekter	20 000		29 101	-	22 481	-
Gebyr bank		6 000	-	6 168	-	5 597
Kyrkjeblad	-	-	-	-	250	-
Kyrkjeblad	-	-	-	-	250	-
Kyrkjemusikalsk arbeid / Arrangement	15 000	15 000	28 815	43 000	22 545	2 500
Takkoffer til kyrkjemusikalsk arbeid	15 000		28 815	-	22 545	-
Kyrkjemusikalsk arbeid ved kontor		15 000	-	43 000	-	2 500
Prosjektmidler	-	-	-	-	-	-
Tilskot/gåver frå andre	-	-	-	-	-	-
Arrangement uten billettinntekter	-	-	-	-	-	-
Tilskot/gåver frå andre	-	-	-	-	-	-
Deltakarbetalning	-	-	-	-	-	-
Arrangement med billettinntekter	-	-	-	-	-	-
Resultat (overskot / underskot)	-4 000		72 790		65 105	
<i>Takkoffer totalt</i>	<i>305 000</i>	<i>215 000</i>	<i>349 860</i>	<i>200 382</i>	<i>272 246</i>	<i>161 989</i>
Disponeringar til balansen	4 000	-	-	72 790	-	65 105
Underskot dekkja av midlar i ubunde fond	4 000					
Overskot overført til ubunde fond	-			15 940		65 105
Bruk av øymerka midlar (bunde fond)	-		-	-	-	-
Øymerka midlar (bunde fond) til seinare bruk	-			56 850		
Resultat etter disponering (skal vere 0)	0		0		0	

Annan informasjon for årsberetninga

Som del av årsberetninga gir Stord sokn og informasjon om:

- a) den faktiske tilstanden når det gjeld kjønnslikestillinga, herunder kjønnsfordelinga i styrande organ*

Valordninga i Den norske kyrkja inneber at kjønnsfordelinga i soknerådet avgjerast gjennom direkte val, kvart fjerde år, sist i 2023. Det er krav om 40 prosent representasjon av begge kjønn ved listene til val av sokneråd. I tillegg er soknepresten fast medlem i rådet.

Stord sokneråd har i denne perioden 6 menn og 3 kvinner blant dei faste medlemene, dvs. ei fordeling med 67% menn og 33% kvinner.

- b) eventuelle likestillingstiltak som er iverksett og som planleggast iverksett for å fremme likestilling uavhengig av kjønn*

Det er ikkje påbegynt arbeid med førebuing av kandidatar til neste soknerådsval i 2027 enno. Soknerådet har vedteke mandat for underutval til soknerådet der det står at «Det er ønskjeleg at begge kjønn er representert».

- c) eventuelle avgrensingar når det gjeld tilgang til egne aktivitetar, styrande organ, verv eller stillingar som har samanheng med eitt eller fleire diskrimineringsgrunnlag*

Det er ikkje utøvd avgrensingar til råd, utval eller frivillige tenester i soknet med bakgrunn i diskrimineringsgrunnlag.

- d) eventuelle segregerte aktivitetar eller tilbod*

Det har ikkje vore gjennomført aktivitetar i regi av soknet i 2024 som har vore avgrensa til eitt kjønn eller utelukka deltakarar på anna diskrimineringsgrunnlag.